
Saksnr: 2022/53857-9
Saksbehandlar: Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2023

Høyringsuttale til revisjonsdokument for reguleringar og overføringar i Maurangervassdraga

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser at Maurangerkraftverka har stor samfunnsnytte sidan dei produserer store mengder rein kraft. Men sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur, miljø, friluftsliv og kulturminne blei tillagt mykje mindre vekt enn i dag må revisjonen gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard.
2. I reviderte konsesjonsvilkår må det setjast krav om oppfylling av undersøkingsplikt jf. kulturminnelova §§9 og 10 i tiltaksområdet i Ullensvang og Kvinnherad kommune.
3. Tiltakshavar må utarbeide plan, i samarbeid med Kvinnherad kommune og Kvinnherad turlag, for dei turstiar med kløpper, bruer og andre element som treng regelmessig vedlikehald og for dei stiane som manglar tilstrekkeleg skilting/merking.
4. For at miljøtilhøva skal kome meir i tråd med dagens standard, meiner Vestland fylkeskommune at heilårs minstevassføring/miljøbasert vassføring i Øyreselva og Austrepollelva bør innarbeidast i konsesjonen. Vassbehov, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast.

Samandrag

Statkraft Energi har laga eit revisjonsdokument for Maurangervassdraga som skildrar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Dette revisjonsdokumentet er no på offentleg høyring og Vestland fylkeskommune gjev med dette vedtaket høyringsuttale i saka. Etter høyringa skal NVE innstilla reviderte konsesjonsvilkår til OED.

Maurangerkraftverka produserer store mengder kraft og har stor samfunnsnytte, men konsesjonen blei gitt på ei tid då natur og friluftsliv blei tillagt mykje mindre vekt enn i dag. Revisjonen skal gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard.

fylkesdirektør

avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har vedteke at vilkåra for følgjande vassdragskonsesjonar skal reviderast:

- Kgl.res. av 18.07.1969 - Statsregulering av Maurangervassdragene m.v.
- Kgl.res. av 01.07.2005 - Overføring av Kvangrevatnet og Markkjelkevatnet for utnyttelse i Jukla og Mauranger kraftverker
- Kgl.res. av 30.03.2012 - Overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet med inntak av 5 bekker i Blådalen, Kvitnadalen og Botnane

På bakgrunn av krav frå Kvinnherad og Ullensvang kommunar og føringar frå NVE har Statkraft Energi utarbeidd eit revisjonsdokument. Dette beskriv mellom anna reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår. ([Lenke til revisjonsdokumentet](#))

Konsesjonsvilkåra regulerer m.a. forholdet mellom konsesjonæren og allmenne interesser.

Hovudføremålet med ein revisjon er å betra miljøforholda i regulerte vassdrag. Kjernen i ein revisjon er å vege dette føremålet opp mot formålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonstilgangen er meint å innebera ei modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra, m.a. når det gjeld miljø. Revisjonen skal også gje anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelege, unødvendige eller ikkje føremålstenlege.


Standardvilkår

I nyare konsesjonar er det innført standardvilkår som gjev heimel for å kunne pålegga ulike miljøtiltak. NVE innfører dagens standardvilkår i samlege revisjonar. Det gir moglegheit til å pålegge regulanten miljøtiltak utan konsekvensar for energiproduksjon.

Det er berre konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som t.d. høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV). Privatrettslege forhold omfattast ikkje, og normalt omfattast heller ikkje økonomiske vilkår.

Vassdirektivet

EU sitt rammedirektiv for vatn (vassdirektivet) og den norske vassforskrifta er sentrale i revisjonsprosessen. Dei lokale tiltaksanalysane samt forvaltingsplanane gjev nyttige innspel til prioriteringane av miljøomsyn og kva tiltak som bør vurderast i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår er eit sentralt verkemiddel for å betra miljøtilstanden, som er eit hovudmål i vassforskrifta. Revisjonsprosessen bør difor samordnast med vassdirektivarbeidet så langt det er mogleg og føremålstenleg.



Figur 1: Oversiktskart over reguleringa (henta frå revisjonsdokumentet).

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjev høyringsuttale jf. delegeringsreglementet kap 7.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i denne saka.

Vurderingar og verknader

Næring:

Maurangerkraftverka produserer rein energi som har stor samfunnsnytte. Kraftkrevjande industri i Vestland har vore avhengig av denne krafta i lang tid. M.o.t. industriarbeidsplassar i Vestland er det viktig at desse kraftverka kan halda fram å produsera rein energi. I vilkårsrevisjonen er det betra miljøforhold i vassdraga har hovudfokuset. Likevel skal rein energi med stor nytte verdi for Vestland og Noreg vektleggjast.

Landbruk er ikkje omtalt i revisjonsdokumentet, sjølv om anleggsvegane nyttast i samband med beitedrift og det ligg fulldyrka jordbruksareal langs vassdraga.

Anleggsvegane knytt til kraftanlegga nyttast i dag av bønder med beitedyr i fjellet. Det er viktig at deira omsyn er med i vurderinga av nye konsesjonsvilkår.

Aktiv drift på areal langs elv gjev noko avrenning av næringsstoff sjølv om drifta følger regelverket for gjødselhandtering. Negative konsekvensar frå venta avrenning reduserast med sikker vassføring i elva om sommaren.

Kulturminne:

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde. Det er per i dag kjent automatisk freda kulturminne og andre kulturminne i tiltaksområdet og omgjevnadene i Ullensvang og Kvinnherad kommune.

I samband med Folgefonnanlegga vart det utført kulturminneregistrering i 1970 av De arkeologiske museers registreringstjeneste. Registreringa då hadde fokus på stølsbusetnad og dekkja ikkje råka område fullstendig. Stølsanlegga vart ikkje datert ved registrering i 1970. Førekost av helleristningar i tilknytning til stølsanlegg ved Dravladalsvatnet indikerer førhistorisk bruk av området. Også undersøkingar i andre delar av Vestland fylke har dokumentert stølsbruk tilbake til førhistorisk tid. Vi ser det dermed som naudsynt å vurdere ytterlegare arkeologisk registrering i samband med vilkårsrevisjon for Maurangervassdraga, og vil oversende ytterlegare informasjon og kostnadsoverslag for dette.

Ullensvang kommune

Nordaust i Dravladalsvatnet er det kjent ei 2x2,5 m stor steinblokk med ristningar av fotsolar og skågroper på (Askeladden-id 128939). Lokaliteten vart kjent i 1997 og ligg under høgaste regulerte vasstand. Helleristningslokaliteten er automatisk freda i medhald av kulturminnelova §4.

I 2010 utførte dåverande Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering i samband med oppgradering av Dravladalsdammen. Askeladden-id 128939 vart dokumentert, og det vart dokumentert tidlegare kjende stølstuffer i omgjevnaden til ristningsblokka. Ristningsblokka ligg i regulert sone og er utsett for erosjon. Det er såleis naudsynt å tilstandsregistrere lokaliteten Askeladden-id 128939 for å vurdere behov for avbøtande tiltak. Som del av registreringa vil lokaliteten kartfestast nøyaktig og tilstand dokumentarast. Lokaliteten er opplyst å vere vanskeleg tilgjengeleg på grunn av snø om vinteren og høg vasstand på sommaren.

Det kan vidare vere naudsynt å vurdere registrering i areal som ikkje vart dekkja av registrering i 1970.

Kvinnherad kommune

I samband med konsesjonssøknad for kraftverket Mauranger 2 har Vestland fylkeskommune 29.11.2022 varsla at det er naudsynt med arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova §9 før iverksetjing av tiltak.

Oppsummering

I reviderte konsesjonsvilkår må det setjast krav om oppfylling av undersøkingsplikt jf. kulturminnelova §§9 og 10 i tiltaksområdet i Ullensvang og Kvinnherad kommune.

Økonomi:

Økonomiske vilkår omfattast normalt ikkje av vilkårsrevisjon. Likevel vil dei flest vilkår ha økonomisk følgjer i positiv eller negativ retning. Produsentar kan gjerne tapa inntekter grunna minstevasslepp. Samstundes kan m.a. turistnæring tene på meir attraktive landskap når det renn vatn i fossar og elver.

Klima:

Maurangervassdraga har i lang tid produsert elektrisitet med låge klimagassutslepp. Meir av denne reine energien er ein hovudingrediens i Vestland, Noreg og verda si oppskrift for nå dei fleste klimamål. Kort fortalt gjev elektrifisering av tradisjonelt karbontunge prosessar effektive utsleppskutt. I dei fleste senarioanalyser der me møter klimamåla våre treng me meir rein kraftproduksjon.

Revisjonsdokumentet svarar på fleire krav om minstevassføring, som gjev ulik grad av produksjonstap. NVE må vege betre miljø opp mot kraftproduksjon i nokre deler av denne saka.

Artsmangfald:

Fleire aktørar har påpeika at kunnskapsgrunnlaget knytt til artsamangfald er for dårleg, og at det bør gjerast eit grundig arbeid for å kartlegge dagens situasjon slik at prosessen vidare blir prega av kunnskapsbaserte avgjersler.

Vassmiljø:

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og koordinerer prosessen med å gjennomføre regional plan for vassforvaltning i tråd med vassforskrifta. Vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027 er gjeldande. Vassforvaltningsplanen set miljømål for vassførekomstane, tiltaksprogrammet skisserer tiltak for å nå miljømåla, og handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla

Statkraft har eigne berekraftsmål, som også gjeld ved utbygging av Mauranger 2:

<https://www.statkraft.no/barekraft/>

For Vestland fylkeskommune er det viktig at revisjon av konsesjonsvilkår i Maurangervassdraga sjåast i samanheng med konsesjonssøknaden for Mauranger 2.

For å nå miljømåla i vassforskrifta er det viktig med tiltak opp mot gjeldande krav dersom utbygginga skjedde i dag. Den nye konsesjonen skal gjelda for 25 år og skal vera meir miljøtilpassa enn den gjeldande som vart gjeve for 50 år sidan. Det er behov for fast og tilstrekkeleg minstevassføring for å oppretthalda livet i eit vassdrag. Revisjonen er eit middel for å betra tilhøva i vassdraget basert på den kunnskap og regelverk som ein har i dag.

NVE rapport 49/2013 har peika på minstevassføring i Austrepollelva og Øyreselva som aktuelt tiltak for å betre tilhøve for sjøaure, og magasinrestriksjonar i Mysevatnet og Svartedalsvatnet som aktuelt for å betre tilhøva for landskap og friluftsliv.

Fylkeskommunen er samd med Statsforvaltaren i at miljøtilhøva må kome meir i tråd med dagens standard. Følgjande bør bli innarbeidd i konsesjonen:

- Heilårs minstevassføring/miljøbasert vassføring i Øyreselva og Austrepollelva.
- Vassbehov, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast.

Friluftsliv og folkehelse:

Revisjonen av konsesjonsvilkåra for Maurangervassdraga blir vurdert parallelt med konsesjonssøknad for Mauranger 2. Utbygginga av Mauranger 2 vil ha negative konsekvensar for friluftsliv, landskap, kulturmiljø og naturressursar.

Kvinnherad kommune har meldt inn innspel om at det først må fastsettast nye vilkår i gjeldande konsesjon før det blir gjeve konsesjon for vidare utbygging i samband med Mauranger 2.

I samband med dette bør det gjennomførast ei kartlegging av ferdselsårer som nyttast til friluftsliv og ein registrering av dei skilta/merka stiane i Kartverket sin Turrutebase.

For friluftslivet sin del er også saka todelt. På den eine sida er det fleire aktørar i rundt Folgefonna nasjonalpark som nyt godt av vedlikehaldne anleggsveggar for å drive si verksemd og kome seg nærare naturen. På den andre sida er det openlyse negative konsekvensar av å bygge i område med svært viktige naturtypar.

Vi stiller oss positive til dei framlagte krava for å bevare friluftslivsinteresser og biologisk mangfald. Jf. Kap 7.3 i revisjonsdokumentet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Vikårsrevisjonen skal leggja til rette for betra miljøstandard i vassdraga våre og støttar såleis opp under FN sine berekraftsmål 14 og 15. I tillegg sørgjer betre miljø i regulerte vassdrag for at krafta vår faktisk er «rein». Dette støttar opp under måla 7 og 12. Nye vilkår tek òg omsyn til berekraftsmål 3, god helse og livskvalitet, i større grad enn før.

Oppdaterte miljøvilkår er med på gjere Vestland meir berekraftig.

Konklusjon

Maurangerkraftverka produserer store mengder kraft og har stor samfunnsnytte, men reguleringane har negative konsekvensar for naturmiljø og friluftslivsinteresser. I tillegg er ikkje områda underlagt reguleringa godt nok utgreitt i høve kulturminne.

I reviderte konsesjonsvilkår må det setjast krav om oppfylling av undersøkingsplikt jf. kulturminnelova §§9 og 10 i tiltaksområdet i Ullensvang og Kvinnherad kommune.

Tiltakshavar bør utarbeide plan, i samarbeid med Kvinnherad kommune og Kvinnherad turlag, for dei turstiar med klopper, bruer og andre element som treng regelmessig vedlikehald og for dei stiane som manglar tilstrekkeleg skilting/merking. Friluftsmessige omsyn bør ha vekt i diskusjonen rundt minstevassføring.

Revisjonen skal vidare gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard. Dette inkluderer slepp av minstevassføring. Statsforvaltaren meiner det som hovudregel bør sleppast minstevassføring/miljøbasert vassføring på reguleringspåverka elvestrekningar. Tilstrekkeleg mengde vatn, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast godt seinare i prosessen, slik at avveginga av miljøomsyn opp mot energitap blir gjort på ei godt kunnskapsnivå.

For at miljøtilhøva skal kome meir i tråd med dagens standard, bør heilårs minstevassføring/miljøbasert vassføring i Øyreselva og Austrepollelva innarbeidast i konsesjonen. Vassbehov, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast.